

FANAMÅL

Nr 1 - 2019

Medlemsblad for Fana Mållag, skipa i 1905 for norsk mål og kultur
i Fana.

Du vert med dette kalla inn til

ÅRSMØTE

i Fana Mållag

søndag 3. mars – 2019

kl. 18.00

Fana Ungdomshus

(Krokeidevegen v/Tide-garasjen)

Program:

1. Opning
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Arbeidsprogram og budsjett
5. Kunstnerisk underhaldning
6. Auksjon av nynorske bøker
7. Innkomne saker
8. Val

Enkel servering

Styret

Årsmelding 2018

Endeleg årsmelding og revidert rekneskap vert lagt fram på årsmøtet. Medlemstalet ved årsskiftet var 101 betalande medlemmer. Dette er 2 færre enn i fjor.

Styret

Styret har hatt 4 styremøte i meldingsåret (22.2, 22.5, 4.9 og 22.2). På saklista har stått planlegging av kulturaktiviteter (sommarkonsert, bokkveld, julemarknad, produksjon og sal av Fanajul og Strilekalender og skulemålsarbeid. Årsmøtet vart halde 4.3. på Fana Ungdomshall. Kaffi og kaker følgde med.

Fanajul og kalendersal

Som vanleg har styremedlemer og andre teke del i arbeidet med dei to gode produkta mållaget kan selja kvart år: Strilekalender og Fanajul. Styret hadde dugnad på utsending av kalender til faste kundar. Edvin Bratli har vore redaktør for Fanajul og Oddvar Skre for Strilekalenderen. Styret er svært takksame til Edvin for godt utført arbeid

Skulemålsarbeid

Bergen kommune har nyleg vedteke ein handlingsplan for nynorsk, som vil gjera det lettare å få til parallellklassar, og få i gang tidleg sidemålsstart ved fleire skular. Dette vil koma nynorskforeldre i Fana til gode, og skapa meir positive haldningar til nynorsk. Leiaren er også med i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag, som prøver å få fleire foreldre ved dei 15 språkdelt skulane i og rundt Bergen til å velja nynorsk ved å dela ut informasjon om nynorsk ved innskriving, noko som ser ut til å gje godt resultat. I Arna er situasjonen likevel kritisk for nynorskklassane.

Sjuandeklassingar ved tre skular i Fana (Kirkevoll, Liland og Ulsmåg) har vore med og selt Fanajul og Strilekalender, med godt resultat. Beste skule var også i år Kirkevoll.

Kulturarbeid

Bokkveld

Den årvisse bokkvelden 2018 vart halden 11.november i Kulturhuset og var godt besøkt. Hovudartist var Helge Jordal, som fortalde om livet sitt som skodespelar. Vemund Ytre-Arne las eigne dikt, og det var utlodning av gevinstar, boksal og enkel servering med sosialt samvær.

Sommarkonsert.

Fana Mållag arrangerte i år haustkonsert 16. september. Hovudartist var Øystein Skre, som framførte songar av Grieg / Vinje med kommentarar om Vinje sitt liv av Oddvar Skre. Elles medverka Fana Kyrkjekor og solisten Rikke Bergflødt. Dessutan var det allsong frå Sørås-songboka til tonefølgje av Jan Røshol. Også i år skulle konserten ha vore utandørs i Fana Amfi, men på grunn av dårleg ver blei det flytta inn i Fana menighetshus. Det kom 40 betalande tilhøyrarar. Takka vere kr 5 000 i tilskot frå Bergen kommune gjekk konserten i balanse. Det er tredje året Fana Mållag arrangerer denne konserten, som har vore ganske vellukka og held på å bli ei årviss hending.

Økonomi

Sal av Fanajul og Strilekalender

Som tidlegare stilte mållaget med sal av nye og gamle Fanajul og Strilekalenderar på julemarknaden i Bjarghallen 24-25. november. Oddvar Skre og Sigmund Haug fekk lagt ut Fanajul og Strilekalenderen i bokhandlane i Fana, og fekk gjennom, kontakt med skulane elevar ved tre barneskular til å selja mot kr 30 i fortieneste pr blad. Det kom inn over kr 10 000 ved julesalet i år, noko styret er godt nøgd med.

Også i år gav salet godt resultat, og medrekna skulesal, firmasal av kalenderar og sal på salsmessa og i bokhandel fekk Fana Mållag inn ca kr 23 000 i overskot, medrekna annonser og oppgjer for 2016 og 2017 frå bokhandel (kr 22 500). Medverkande til det gode resultatet var at Fana Mållag har oppretta Vipps-konto i Fana Sparebank

Andre tiltak

Fana Mållag samarbeider med Bergen Mållag og Hordaland Mållag om tiltak for å styrkja nynorsken i Bergen, blant anna ved å kjøpa inn nynorske bøker.

Medlemsverving

Etter språkåret 2013 gjekk medlemstalet noko opp i Fana Mållag, men ikkje så mykje som i Bergen Mållag. I 2014 var det så ein liten reaksjon, og medlemstalet gjekk litt ned igjen, frå 121 til 100 betalande medlemmer. I meldingsåret var det 101 betalande medlemmer.

Gjennomsnittsalderen i Fana Mållag er høg og nokre medlemmer fell heile tida frå, så det må stadig vervast nye medlemmer.

Leiaren har ordet

Fana Mållag har bak seg endå eit aktivt år, med ein vellukka sommarkonsert, bokkveld og julemarknad. Men det største og viktigaste tiltaket i Fana Mållag er dei to lokalhistoriske skriftene som laget gir ut, Fanajui og Strilekalender for Fana. Fanajul har kome ut årleg sidan 1975 og Strilekalenderen sidan 1986. På denne måten blir fleire menneske kjend med Fana-kulturen, som nynorsken og er ein del av, og ved at det meste av salet skjer gjennom sjuandeklassingar på ulike barneskular blir både lærarar, elevar og foreldre kjent med nynorsk på ein ny måte.

Haustkonserten må vel seiast å vera det mest vellukka som Fana Mållag fekk til i 2018, med 40 betalande frammøtte, som fekk høyra song av Øystein Skre, Fana Kyrkjeor og Rikke Bergflødt i kapellsalen i Fana menighetshus.

Eg vil på nytt få takka alle dei trufaste medarbeidarane og tillitsvalde som ved innsatsen sin for laget gjer ein kjempejobb i kulturen si teneste. Ein person som særleg fortener takk, er Sigmund Haug, som også i år stilte opp i skriftstyret i Fanajul og hjelpte Sunniva Skogesal med å skaffa annonser. Ei stor takk går til Edvin Bratli, som har vore redaktør for Fanajul og gjort ein framifrå jobb på dugnad, og til Anders Hallanger, som held orden på rekneskapen. Med desse på laget ser leiaren framtida trygt i møte.

